



Fylkesmannen i
Hordaland

FORVALTINGSPLAN FOR HELTVEIT-BJØRGE NATURRESERVAT

Lindås kommune, Hordaland

2014-2023




Foto: Magnus Johan Steinsvåg / Fylkesmannen i Hordaland

FORVALTNINGSPLAN FOR
HELTVEIT-BJØRGE NATURRESERVAT

Fylkesmannen i Hordaland

2014

Kart og nøkkeldata for Heltveit-Bjørge naturreservat



Vernetidspunkt 14.02.2014	Areal 719,2 dekar	Kommune Lindås	Forvaltningsansvar Fylkesmannen i Hordaland	Oppsyn Statens naturoppsyn, Bergen
-------------------------------------	-----------------------------	--------------------------	---	--

Verneføremål

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit variert skogområde som er særskilt viktig for det biologiske mangfaldet i regionen. Delar av området representerer ein bestemt type natur med karakter av temperert regnskog, og her finst mellom anna viktige førekomstar av sjeldne lavartar, edellauvskog og gamle styvingstre. Området skal kunne nyttast til undervising og forskning, på ein måte som gjer at det biologiske mangfaldet ikkje vert skadelidande.

Ansvarleg institusjon Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga	Rapport nr. MVA-rapport 4/2014
Tittel Forvaltningsplan for Heltveit-Bjørge naturreservat 2014-2023	ISBN 978-82-8060-100-1
Forfattar Jørgen Aarø	Dato 09.09.2014
Samandrag <p>Denne forvaltningsplanen skal vere eit verktøy for å sikre heilskapeleg og kunnskapsbasert forvaltning av verneverdiane i Heltveit-Bjørge naturreservat. Planen presenterer verneverdiar og forvaltingsmål for reservatet, basert på kunnskapen vi har i dag. I den første rulleringsperioden til denne planen vil vi forsøke å betre kunnskapsgrunnlaget for forvaltning av området, ved å gjennomføre både NiN-kartlegging og lavinventering. Basert på dette skal vi i løpet av perioden utarbeide konkrete bevaringsmål som eit middel for å oppnå meir presis forvaltning.</p> <p>Heltveit-Bjørge naturreservat er variert, med mange ulike skogtypar. I Nordhordland er berggrunnen for det meste hard og kalkfattig, men gjennom Heltveit og Bjørge går eit band med glimmer- og grønskifer. Dette gjer at edellauvskog med tilhøyrande artsmangfald kan vekse i området, noko som er uvanleg i denne regionen. I tillegg er området kjent for førekomstar av sjeldne og raudlista lavartar, der nokre er knytt til styva ask. På Heltveit finn vi restar etter ei gamal hagemark som er i ferd med å gro att.</p> <p>Tilstanden i reservatet er i dag stort sett god, og det er lite aktivitet i området. Likevel er det i planen peika på nokre tilhøve som i framtida kan utgjere potensielle trugsmål mot verneverdiane. Dette er i hovudsak granplantefelt og attgroing rundt askestuvane.</p> <p>God kunnskapsformidling og informasjonsflyt mellom forvaltninga, brukarar og grunneigarar er eit mål i seg sjølv. Kunnskapen om Heltveit-Bjørge naturreservat skal gjerast tilgjengeleg for ålmenta og utvidast så langt det lar seg gjere.</p> <p>Denne forvaltningsplanen gjeld så lenge den ikkje blir avløyst av ein ny, men bør rullerast innan 2023.</p>	
Referanse Fylkesmannen i Hordaland 2014. Forvaltningsplan for Heltveit-Bjørge naturreservat 2014-2023. – MVA-rapport 4/2014.	
Emneord Naturreservat, forvaltningsmål, naturkvalitet, bevaringsmål, kystfuruskog, purpurlyng, raudlista artar, framande artar, biologisk mangfald	
<p style="text-align: center;"> Fylkesmannen i Hordaland Miljøvern- og klimaavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55572200, postmottak@fmho.no www.fylkesmannen.no/hordaland http://hordaland.miljostatus.no </p>	

FORORD

Naturen er heile tida i endring. Levande organismar blir påverka av det stadig omskiftelege miljøet rundt dei, og gjennom historia har dette ført til at nokre artar har døydd ut medan nye har oppstått. At naturen rundt oss endrar seg er naturleg, men likevel er det i dag stort medvit om natur- og miljøvern, utryddingstrua artar, trua naturtypar, klimaendringar og tap av regnskog, for å nemne noko. Dette er ikkje utan grunn. Hovudskilnaden på før og no er at dei store utfordringane vi står overfor i dag i høg grad skuldast menneskeleg aktivitet. Vi er sjølv ansvarlege for dei store miljøutfordringane, og har difor eit ansvar for å gjere det vi kan for å løyse dei.

Det kan vere vanskeleg å sjå samanhangen mellom handling på lokalt nivå og løysingar globalt. Tap av biodiversitet på globalt nivå og menneskeskapte klimaendringar er enorme og komplekse utfordringar. I dag døyr artar ut 1000 gonger fortare enn det som er naturleg, og mange naturtypar er trua. Totalt er 4599 artar oppført på den norske raudlista for trua artar frå 2010, og 40 naturtypar er rekna som trua i den norske raudlista for naturtypar frå 2011. Det aller største trugsmålet mot artar og naturtypar er arealbruksendringar.

Noreg har stor variasjon av skogtypar, og på grunn av vår geografi og topografi kan det vere store variasjonar over små avstandar. Nokre av skogtypane våre er sjeldne internasjonalt, og om lag halvparten av norske, raudlista artar lever i skog. Dette gjer skogvern til eit viktig verkemiddel i innsatsen for å sikre norsk naturmangfald. Om lag to prosent av produktiv skog i Noreg er verna, men det er brei politisk semje om å auke dette.

Heltveit-Bjørge naturreservat er det første verneområdet i Hordaland som er oppretta gjennom ordninga med frivillig vern på privateigd grunn. Av naturverdiane i området er dei mange ulike skogtypane, inkludert nordaustvendt edellauvskog, og mange ulike lavartar dei viktigaste. Vi håpar at denne forvaltningsplanen kan vere med på å synleggjere verdiar, trugsmål, og forvaltinga sine ønskjer for området.

Vi ønskjer å takke alle bidragsytarar til arbeidet med planen, og håpar at den blir til nytte for forvaltinga, grunneigarar og brukarar av Heltveit-Bjørge naturreservat i åra som kjem.

Med helsing,

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

INNHALD

1. Innleiing.....	11
1.1. Vern av Heltveit-Bjørge.....	11
1.2. Forvaltningsplanen og planprosessen.....	12
1.3. Frivillig skogvern.....	12
1.4. Eigedomstilhøve.....	12
2. Områdeskildring.....	13
2.1. Landskap og topografi.....	13
2.2. Geologi, vegetasjonssone og klima.....	13
2.3. Vegetasjon.....	13
2.3.1. Bjørge/Storskrebukta sør.....	13
2.3.2. Heltveit.....	14
2.3.3. Kulturpåverknad og tidlegare bruk.....	14
3. Brukarinteresser.....	16
3.1. Tur og friluftsliv.....	16
3.2. Parkering og informasjon.....	16
3.3. Beite.....	17
3.4. Vedhogst.....	17
3.5. Kraftliner.....	18
4. Trugsmål.....	18
4.1. Attgroing og behov for styving.....	19
4.2. Gran og utanlandske treslag.....	19
4.3. Askeskotsjuka/Askeskotbeger.....	19
5. Mål for området.....	21
5.1. Forvaltingsmål.....	21
5.2. Bevaringsmål.....	21
6. Tiltak.....	22
7. Litteratur.....	23
8. Vedlegg: Verneforskrift.....	25

HELTVEIT-BJØRGE NATURRESERVAT

1. INNLEIING

Naturreservatet ligg i ei nordaustvendt li, inst i Hindnesfjorden i Lindås kommune, og er om lag 719 dekar stort. Fleire kartleggingar av biologisk mangfald i området har påvist viktige naturverdiar, og det har lenge vore kjent at det finst sjeldne lavartar i området. Allereie i 1998 inngjekk Fylkesmannen ein tiårig avtale med ein av grunneigarane om å sikre ein slik førekomst. I 2004 vart det kartlagt viktige naturtypar i Lindås kommune (Bysveen & Overvoll, 2004). I denne kartlegginga vart naturverdiane i delar av det aktuelle verneområdet klassifisert som *svært viktig*. I 2010 vart området vidare undersøkt av konsulentfirmaet Miljøfaglig Utredning AS på oppdrag frå Fylkesmannen. Her vart naturverdiane ytterlegare dokumentert, og rapport frå denne synfaringa (Gaarder, 2013) er i stor grad nytta i områdeskildringa i kapittel 2 i forvaltningsplanen.

1.1. VERN AV HELTVEIT-BJØRGE

Føremålet med vernet er å ta vare på eit variert skogområde som er særskilt verdfullt for det biologiske mangfaldet i regionen. Delar av området representerer ein bestemt type natur med preg av temperert regnskog, og her finst mellom anna viktige førekomstar av sjeldne artar lav, edellauvskog og gamle, styva asketre. Området skal kunne nyttast til undervising og forskning, på ein måte som gjer at det biologiske mangfaldet ikkje vert skadelidande.

Naturreservat er den strengaste verneforma vi har etter naturmangfaldlova. I eit naturreservat er det forbode å gjere noko som reduserer verneverdiane gitt i verneføremålet (naturmangfaldlova § 37), og dette gir utslag i fleire bruksavgrensingar. Desse bruksavgrensingane er definert i verneforskrifta (vedlegg 2). Verneføremålet er sitert øvst i denne seksjonen og legg, saman med dei bruksavgrensingane som er gitt i verneforskrifta, grunnlaget for utforminga av denne forvaltningsplanen.

Heltveit-Bjørge naturreservatet er det første verneområdet i Hordaland som har blitt til gjennom prosessen med frivillig vern. Initiativet til verneprosessen kom frå Kjell Morgan Bjørge i 2008, og det første tilbodet om vern av området frå alle dei tre grunneigarane kom frå Vestskog til Fylkesmannen våren 2009. Endeleg avtale om frivillig vern vart inngått sommaren 2012. Oppstartsmelding for vernearbeidet vart sendt ut i brevform til grunneigarar, kommunen, fylkeskommunen, BKK og aktuelle organisasjonar og lag den 21. november 2012, med frist for innspel den 15. januar 2013. I tillegg vart oppstarten kunngjort i Bergens Tidende, Avisa Nordhordland og Strilen.

Vernereglane og vernekartet vart sendt til høyring 13. mai 2013 med frist 15. juli 2013. Naturreservatet blei oppretta ved kongeleg resolusjon 14. februar 2014.

1.2. FORVALTINGSPLANEN

Det er eit mål at forvaltning av norske verneområde skal vere kunnskapsbasert og så presis som råd. Dette inneberer mellom anna at forvaltning av verneområde skal skje i tråd med ein godkjend forvaltingsplan. Forvaltningsplanen skal fungere som presisering av reglane i forskrifta, og synleggjere brukarinteressene og mål forvaltingsstyresmakta har for området.

Forvaltingsplanen for Heltveit-Bjørge naturreservat blei sendt til høyring saman med vernereglane og vernekartet 13. mai 2013 med frist 15. juli 2013. Forvaltingsplanen vart godkjent 18. oktober 2014.

1.3. FRIVILLIG SKOGVERN

Heltveit-Bjørge naturreservat har blitt til gjennom ein prosess med frivillig vern. Dei siste åra har frivillig skogvern blitt eit viktig verkemiddel for å styrke vernet av produktiv skog, i tråd med politiske føringar. Ordninga fungerer slik at skogeigarar sjølve kan tilby skogområde til vern etter naturmangfaldlova, mot kompensasjon for tapt bruksverdi og verdien av skogen. Dersom fagleg kartlegging viser at eit område har tilstrekkeleg viktige naturverdiar, kan ein prosess med frivillig vern setjast i verk.

Grunneigarane i verneområdet, Vestskog og Fylkesmannen har hatt eit godt samarbeid i løpet av prosessen, og er nøgde med frivillig vern som arbeidsmetode. For å dekke manglar i skogvernet er dette ein arbeidsmetode som vi ønskjer å nytte meir framover.

1.4. EIGEDOMSTILHØVE

Heltveit-Bjørge naturreservat strekker seg over fire eigedomar med følgjande grunneigarar:

Gardsnummer	Bruksnummer	Grunneigar
235	1	Anna Ekanger Heltveit
241	1	Kjell Morgan Bjørge
241	2	Kjell Morgan Bjørge
241	3	Laila Bjørge

2. OMRÅDESKILDRING

2.1. LANDSKAP OG TOPOGRAFI

Heltveit-Bjørge naturreservat ligg på vestsida av Hindnesfjorden i Lindås kommune, Hordaland. Området er dominert av ei bratt, nordaustvendt li som strekker seg frå Storskrebukta i nord, og går over i eit småkupert landskap mot sør. Ovanfor den bratte lia flatar landskapet ut, og går over i kulturmark som høyrer til gardane på Bjørge.

Vernegrensa mot Bjørge går langs toppen av den bratte lia, og nord for Kvalvika går verneområdet heilt ned til sjøen. Frå Kvalvika og sørover går austgrensa langs relativt flatt kulturlandskap som høyrer til garden på Heltveit. Unntaket her er ei lita utviding for å fange opp et parti med svartorsumpskog som er ein kjent lavlokalitet. Grensa mot sør følgjer eigedomsgrensa til gnr. 235 bnr. 1. Heile naturreservatet er på om lag 719 dekar.

2.2. GEOLOGI, VEGETASJONSSONE OG KLIMA

Nordhordland har stort sett kalkfattige og harde bergartar og i stor grad nøysam og artsfattig vegetasjon. Gjennom Heltveit-Bjørge naturreservat går eit band med glimmerskifer og grønskifer, noko som gir opphav til meir krevjande og frodig vegetasjon. Dette kan ein sjå att på førekomsten av edellauvskog og tilhøyrande artsmangfald.

I Moen (1998) si landsomfattande oversikt over vegetasjonogeografiske regionar, ligg området i sørboreal vegetasjonssone, mellom klart- og sterkt oseanisk seksjon. Artsfunn Geir Gaarder gjorde under feltarbeid i 2009 tyder på at området heller høyrer til i boreonemoral vegetasjonssone, sterkt oseanisk seksjon. Nedbøren i området er i underkant av 2000 mm i året, og området er skjerma mot solinnstråling og vind. Dette gjer at både fuktikrevjande og varmekjære artar trivst godt. Det er nokre mindre bekkefar i lia, men ingen større vassdrag. Lia er fuktig, med fleire lav og mosar som er karakteristiske for temperert regnskog, spesielt i bergveggane.

Nord for Kvalvika gjekk det for få år sidan eit stort ras som har laga eit om lag 100 meter breitt, ope belte utan vegetasjon.

2.3. VEGETASJON

2.3.1. BJØRGE/STORSKREBUKTA SØR

Den nordre delen av verneområdet er ei samanhengande, bratt li som strekker seg heilt opp til kanten mot det flatare kulturlandskapet på Bjørge. Rett nord for garden på Heltveit grensar verneområdet til innmark, og nord for Kvalvika går grensa langs fjorden. I øvre del av lia er det fleire bergveggar, til dels ganske store, og stadvis er det innslag av open ur og blokkmark.

I dette området finn vi rik edellauvskog, for det meste gråor-askeskog, i mosaikk med rike, boreale skogtypar med bjørk og osp. I tresjiktet er det spreidd med alm, ein god del ask, og innslag av lind. Det er òg litt hassel her, men ikkje så grove kratt som lenger inne i lia.

Feltsjiktet er ganske rikt, med mellom anna junkerbregne, ramslauk, myske, skogstorr og skogsvingel. Hinnebregne er registrert ut mot Storskrebukta, og i rasmarka i sør er det gjort eitt funn av bergperikum.

Lungeneversamfunnet er ikkje spesielt rikt, men på bergveggar finst det nokre stader kravfulle og sjeldne artar. Blant desse er kranshinnelav (VU), kystblåfiltlav (VU), *Degelia cyanoloma* (VU) og kystprikklav (EN). Av andre meir vanlege artar kan nemnast grynfiltlav, kystnever, lungenever, buktporelav og rund porelav.

Mosefloraen har ikkje blitt grundig undersøkt, men det er påvist ein god førekomst av kløfthinnemose (NT) på berghamrar i Storskrebukta. Elles er mellom anna krusfellmose, galleteppemose og kystband registrerte.

2.3.2. HELTVEIT

Terrenget i denne delen av verneområdet er meir variert enn i den nordre. Størstedelen er bratt og tungt tilgjengelig, men her er òg flatare parti. Det er òg større variasjon i vegetasjonen i dette området, noko som til dels kan skuldast tidlegare tiders bruk, men òg topografien.

Sør for Kvalvika er or-askeskog og alm-lindeskog dominerande, men det er òg innslag av svartorsumpskog ved foten av lia, sør før garden på Heltveit. I tresjiktet er det ein del ask, noko alm og innslag av lind. Her er òg ein del gamle hasselkratt.

Feltsjiktet er ikkje spesielt rikt, men av meir krevjande artar kan nemnast junkerbregne, myske, skogsvingel og ramslauk. Det er òg noko slakkstarr i kjeldelauvskogen ved foten av lia. I grov blokkmark ned mot Kvalvika veks litt hinnebregne.

Lungeneversamfunnet er godt utvikla, med fleire kravfulle og sjeldne artar som kranshinnelav (VU), kystprikklav (EN) og randprikklav (EN), og meir vanlige artar som grynfiltlav, grynporelav, rund porelav og buktporelav. På gamle edellauvtre veks *Thelopsis rubella* (VU), og på fleire styva asker finst *Gomphillus calyciodes* (CR). Sistnemnte er ein regnskogart som i Noreg berre er kjend frå ein annan lokalitet (Etne i Sunnhordland). Fleire fukt-krevjande glattbarkslav veks på hassel. Blant desse er sølvpærelav og gul pærelav (NT). Tidlegare funn i området inkluderer m.a. *Bacidia abstines* (VU), hasselrurlav (NT), kystdoggnål (NT) og kastanjelav (VU). Gul buktrinslav (EN) veks i svartorsumpskog sør for Heltveit.

Mosefloraen er ikkje grundig undersøkt, men det er gjort nokre få registreringar. På berg oppe i lia er det gjort eit funn av kløfthinnemose (NT), og i blokkmarka nær Kvalvika er det suboseaniske artar som raudmuslingmose, storstylte og småstylte.

2.3.3. KULTURPÅVERKNAD OG TIDLEGARE BRUK

Heile området ber preg av å vere tidlegare kulturmark. Nord for Heltveit har det vore beiting, men det finst ikkje mange spor etter styving av edellauvtre. Her er skogen i eldre optimalfase eller tidleg aldersfase. Det er noko dødt trevirke i dette området, men ikkje så mykje, og det mest er ganske ferskt. Det er ikkje nyare inngrep i området

Det står spreidd med styva askar på ei flate i eit søkk i lia ved Heltveit, men dei ber preg av å ikkje ha vore skjøtta på fleire tiår. Rundt desse trea finn vi lauvskog som er i attgroing, og lavfloraen var truleg rikare då skogen var meir lysopen. Det kan vere fare for at lav på styvingstre blir skugga ut på lang sikt, men det er uvisst om lavartane er avhengig av styving som driftsform.

Det er nokre granbestand i området. I vår del av landet er gran eit innført treslag. Eitt felt står ned mot sjøen nord for Kvalvika og eitt i søkket der dei styva askane står. I tillegg står det litt gran i kantsoner vest og sør for reservatet.



Dei styva askene ber preg av manglande skjøtsel, med grove greiner og mykje vegetasjon rundt trea. Foto: Jørgen Aarø, 24. mai 2012.

3. BRUKARINTERESSER

3.1. TUR OG FRILUFTSLIV

Det går ein sti opp gjennom lia frå Heltveit til Bjørge som er merka med malte trestykke som heng frå trea. Det er opna for vedlikehald av denne stien gjennom § 4 punkt 8 i verneforskrifta:

”Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

[...]

8) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.

[...]”

Det er viktig at vedlikehald og merking av stien blir gjort på ein måte som ikkje er skjemmande for opplevingsverdien av området eller til skade for naturverdiane. Slikt arbeid må difor bli avklart med fylkesmannen før ein går i gang.

Bruk av reservatet til teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode i reservatet, men det kan søkast om dispensasjon for dette etter dispensasjonsreglane i § 7. Besøk frå grupper på storleik med ein skuleklasse reknast ikkje som større arrangement.

Retningslinjer for tur og friluftsliv:

- Vedlikehald og rydding av stiar i området må skje etter avtale med Fylkesmannen.
- Fylkesmannen kan gi løyve til bruk av reservatet i samband med teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement når dette ikkje er i strid med verneføremålet.

Søknadar sendast til: fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Det er planar om å opparbeide ein parkeringsplass nedanfor garden på Heltveit. Dette er nødvendig for å avgrense ferdsel over gardstunet, i tillegg til å gjere det enkelt for turgåarar og andre naturinteresserte å besøke området. Her vil det vere naturleg å henge opp informasjonsplakatar om naturverdiane i området.

Vi skal utarbeide ein informasjonsplakat som presenterer nokre av verneverdiane og vernereglane i området. Denne vil bli plassert ved parkeringsplassen på Heltveit når denne er klar.

3.3. BEITE

Det har tidlegare vore husdyrbeite i området, og delar av området nyttast til beite i dag. Grunneigarane sjølve har ikkje dyr i området, men har leigd ut beiteretten til naboane.

Det er opna for beite og vedlikehald av gjerde og murar gjennom unntak frå vernereglane i § 4 bokstavar g og h. Her heiter det at vernereglane ikkje er til hinder for beiting med beitedyr som har tradisjon i området og som ikkje er til påviseleg skade på det biologiske mangfaldet. Vidare er det tillate å vedlikehalde eksisterande bygningar, vegar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.

Det er opna for istandsetting og skjøtsel av kulturminne etter søknad, jf. § 7 bokstav e.

Retningslinjer for husdyrbeite:

- Beiting kan skje på eit nivå som ikkje er til skade for verneverdiane slik dei er nemnt i verneføremålet. Dette betyr at beiting i området skal avklarast med Fylkesmannen.
- Beiting må skje med husdyr som tradisjonelt sett har vore nytta i området.
- Vedlikehald av gjerde og murar for å oppretthalde tilstand som på vernetidspunktet er tillate.
- Fylkesmannen kan gi løyve til istandsetjing og vedlikehald av gamle murar som kan reknast som kulturminne mot søknad.

3.4. VEDHOGST

Grunneigar har ønskje om å ta ut ved til eigen bruk frå reservatet. Dette er i utgangspunktet ikkje ønskjeleg i eit skogreservat, men dersom det blir gjort i eit lite omfang og på ein gjennomtenkt måte vil det vere forsvarleg. Avgrensa uttak av ved til eige bruk i tråd med forvaltingsplanen er tillate etter § 4 bokstav d.

Grunneigarar kan nytte fire kjelder til ved:

- Innplanta gran og framande treslag. Det står ein del gran og truleg nokre andre framande treslag i reservatet, og desse kan takast ut og nyttast til ved.
- Tre som veks rundt gamle stuvar. Uttak av tre som veks rundt desse trea kan bidra til å gjere landskapet i den gamle hagemarka meir lysope og dermed vere til nytte for lavartane som er knytt til desse trea. Omfang og verknad av dette må avklarast med fagpersonar før det eventuelt kan gjerast.
- Tre som veks inntil og over stien frå Heltveit til Bjørge kan fritt hoggast og nyttast til ved.
- Delar av furu- og bjørkeskogen kan nyttast til avgrensa uttak av ved til eige bruk etter nærmare avtale med Fylkesmannen.

3.5. KRAFTLINJER

BKK har to kraftlinjer i området. Vedlikehald og arbeid med kraftlinjene er av samfunnsmessig interesse, og det er difor opna for vedlikehald og arbeid på desse gjennom unntak frå vernereglane i § 4 og gjennom høve til dispensasjon i § 7. Følgjande unntak og dispensasjonsheimlar gjeld kraftlinene:

”§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

[...]

- 8) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- 9) Drift, vedlikehald og naudsynt istandsetjing av akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg.
- 10) Oppgradering/fornyng av eksisterande kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje krev vesentlege fysiske endringar i høve til verneføremålet.”

”§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

[...]

- 2) Oppgradering/fornyng av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4.
- 3) Naudsynt motorferdsle i samband med vedlikehald og oppgradering/fornyng av kraftleidningar.”

Det er viktig at arbeid med kraftlinjene blir utført på mest mogleg miljømessig forsvarleg måte. Dette betyr at arbeid med linjene må skje med minst mogleg inngrep, og med omsyn til naturverdiane. Tiltak med heimel i § 4 er ikkje søknadspliktig, men vi ønskjer at planlagde tiltak blir avtalt med Fylkesmannen.

Retningslinjer for drift og vedlikehald av kraftliner:

- Alt planlagt arbeid på linjene som fell inn under unntaka i § 4 i verneforskrifta skal avtalast med Fylkesmannen.
- I akutte tilfelle skal utført arbeid rapportert til Fylkesmannen i etterkant.
- Alt arbeid på kraftlinene i verneområdet skal skje på ein skånsam og miljøforsvarleg måte, jf. aktsemdsplikta i naturmangfaldlova § 6.

Søknadar om dispensasjon etter § 7 skal sendast til fylkesmannen på fmhpostmottak@fylkesmannen.no.

4.1. ATTGROING OG BEHOV FOR STYVING

Skjøtsel av dei gamle askestuvane er eit ønskje frå grunneigarane, i tillegg til at det frå eit økologisk synspunkt kan vere naudsynt for å bevare førekomsten av nokre spesielle lavartar. I kor stor grad styving er viktig for å ta vare på lavartane i den gamle og delvis attgrodde hagemarka er usikkert. Fleire faktorar kan spele inn på habitatet til lav i dette området, som til dømes alder på trea, mengda lys, fukt og temperatur. Dersom det viser seg at styving og rydding av området er naudsynt for å skape ein fungerande nisje for artar knytt til styvingstrea, som til dømes *Gomphillus calycioides*, *Leptogium burgessii* og *Thelopsis rubella*, kan vi etablere eit skjøtelsregime basert på faglege tilrådingar. Vi har som mål å få utført ei fagleg vurdering av skjøtelsbehovet i reservatet i løpet av denne planperioden.

Retningslinjer for styving:

- Styving kan utførast dersom dette er naudsynt for å oppretthalde verdfulle biologiske verdiar i området.
- Eventuell styving skal skje i tråd med anbefalingar frå fagpersonar.
- Avkappa vyrke etter styving kan nyttast til ved.
- Eventuell styving i reservatet må organiserast av Fylkesmannen.

4.2. GRAN OG UTANLANDSKE TRESLAG

Det er kjent to plantefelt med gran i området. Det eine står i området med gamal hagemark ovanfor garden på Heltveit, medan det andre står ned mot sjøen i Kvalvika. Begge desse felta skal takast ut for å gi rom for oppslag av stadeigne artar. Det er ikkje avgjort korleis dette skal gjerast, og dette blir noko som skal planleggast i løpet av den første rulleringsperioden for denne forvaltingsplanen.

4.3. ASKESKOTSJUKE/ASKESKOTBEGER

Ask (*Fraxinus excelsior*) er vurdert som nær trua (NT) på den norske raudlista. Dette skuldast ein pågåande nedgang i den europeiske populasjonen, forårsaka av soppen askeskotbeger (*Hymenoscyphus pseudoalbidus*). Soppen påfører asken sjukdom som drep trea, og er truleg allereie komen til Heltveit-Bjørge naturreservat. Dette utgjør ei utfordring for forvaltninga av ask, og artar knytt til treslaget.

Dei gamle stuvane som mellom anna *Gomphillus calycioides* veks på er ask. Det er uklart i kor stor grad det er naudsynt med styving for å oppretthalde førekomsten av denne arten, men dersom dette er påkravd vil det gjerast med fare for at stuvane blir smitta av askeskotsjuka. Dette kan bety at eventuelle skjøtelsiltak for å bevare trua lav i området kan vere fåfengte.

I denne planperioden vil fokuset ligge på å skape ei meir komplett oversikt over lavfloraen i området, og styving av ask vil berre bli aktuelt dersom vi får faglege tilrådingar som seier at dette er naudsynt.



Stien frå Heltveit til Bjørge går igjennom eit granfelt. Foto: Jørgen Aarø, 24. mai 2012.

5 MÅL FOR OMRÅDET

5.1. FORVALTINGSMÅL

1. Området skal vere fritt for framande bartre. Dette inkluderer alle bartre som ikkje reknast som stadeigne i området.
2. Området skal vere tilgjengeleg for publikum, og bruk til forskning og undervisning skal prioriterast.
3. Reservatet skal kunne nyttast til utvikling av kunnskap om økologien til krevjande lavartar og forvaltning av desse.

5.2. BEVARINGSMÅL

Lavfloraen og variasjonen i skogtypar er viktige naturkvalitetar i Heltveit-Bjørge naturreservat. Det er vanskeleg å knyte konkrete bevaringsmål til naturkvalitetane i denne planperioden sidan kunnskapen ikkje er tilstrekkeleg. Vi vil difor konsentrere oss om kunnskapsinnhenting og vidare kartlegging. Tabellen under listar opp dei ulike naturkvalitetane vi skal utvikle bevaringsmål for i denne perioden.

Naturkvalitet	Potensielt trugsmål	Kommentar
Lav		
<i>Gomphillus calycioides</i>	Attgroing/manglande skjøtsel	Berre kjent frå to lokalitetar i Noreg, og oppført som kritisk trua (CR) på den norske raudlista (2010). På faktaarket i Artsportalen ¹ står det at arten lever på stamma av gamle styva askar i beita edellauvskog og at den er trua av manglande stuing og attgroing. Kva grep som må gjerast for å oppretthalde førekomsten på Heltveit skal undersøkast i denne planperioden.
<i>Hypotrachyna sinuosa</i> gul buktkrinslav	Attgroing	Arten veks på lauvtre, særleg svartor, i område med mykje nedbør, og krev mykje lys. Funnen på ni lokalitetar i Noreg. Trua av utskygging frå granplantefelt og attgroing i tillegg til ureining og nedbygging ¹ .
<i>Andre lavartar</i>	Attgroing	Det er registrert mange lavartar i Heltveit-Bjørge naturreservat, og det er ønskjeleg med grundige kartleggingar i området av lav generelt.
Anna		
Naturtypar	Framande artar	For å knytte bevaringsmål til dei ulike skogtypane kan det vere aktuelt å kartlegge naturtypar etter NiN-systemet.
Karplantar	Beite frå hjort eller husdyr, attgroing og framande artar	Registreringane som har vore gjort i området har ikkje vore fullstendige kartleggingar. Dette betyr at det kan finnast verdfulle artar i området som vi på det noverande tidspunkt ikkje er klar over.

¹ www.artsdatabanken.no/artsportalen

6. TILTAK

Under følger ein tabell over tiltak som er planlagt i Heltveit-Bjørge naturreservat i denne planperioden.

Tiltak	Tidspunkt	Kostnad	Kommentar
Kartlegging			
Lav	2016	50 000	Spesielt fokus på artar knytt til stuvar
Naturtypar	2017	100 000	Kartlegging etter NiN-systemet
Framande artar			
Granfelt	2017	-	Planlegge uttak av gran i samråd med FMHO landbruksavdelinga og eksterne personar med skogfaglig kompetanse
Spreiing	2015	-	SNO kartlegger førekomsten av framande treslag rundt reservatet og vurderer spreifare frå desse
Skjøtsel			
Styving, rydding og tynning	?	?	Aktuelt etter lavkartlegging og etter faglege tilrådingar
Informasjon og tilgjenge			
Stirydding	?	?	Rydding og vedlikehald av eksisterande stiar kan utførast etter avtale med Fylkesmannen, og ved behov som skjøtselstiltak av Statens naturoppsyn etter bestilling frå Fylkesmannen
Parkeringsplass	2016	100 000	Etablere parkeringsplass med informasjonspunkt nedanfor garden på Heltveit.
Informasjonsplakat	2015	3000	Produsere internt, stativ ferdig produsert. Berre kostnad for trykking.

7. LITTERATUR

Bysveen, M. A., & Overvoll, O. (2004). *Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Lindås*. Bergen: Lindås kommune og Fylkesmannen i Hordaland.

Direktoratet for naturforvaltning. (2008). *Områdevern og forvaltning DN-håndbok 17/2008*. Trondheim: Direktoratet for naturforvaltning.

Gaarder, G. (2013). *Naturfaglige registreringer på Heltveit i Lindås kommune. Miljøfaglig Utredning Rapport 2013:31*. Tingvoll: Miljøfaglig utredning.

Kålås, J. A. (2010). *Norsk rødliste for arter 2010*. Artsdatabanken.

8. VEDLEGG: VERNEFORSKRIFT

FORSKRIFT OM VERN AV HELTVEIT-BJØRGE NATURRESERVAT, LINDÅS KOMMUNE, HORDALAND

Fastsett ved kgl.res. 14. februar 2014 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1.Føremål

Føremålet med vernet er å ta vare på eit variert skogområde som har særskilt betydning for det biologiske mangfaldet i regionen. Delar av området representerer ein bestemt type natur med preg av temperert regnskog og her finst mellom anna viktige førekomstar av sjeldne artar lav, edellauvskog og gamle, styva asketre. Området har særskilt naturvitenskapelig verdi og skal kunne nyttast til undervising og forskning, på ein måte som gjer at det biologiske mangfaldet ikkje vert skadelidande. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogleg urørt tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2.Geografisk avgrensing

Naturreservatet femner om eigedomane 235/1, 241/1, 241/2 og 241/3 i Lindås kommune.

Naturreservatet dekker eit areal på ca. 719 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:8000 dagssett Klima- og miljødepartementet februar 2014. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal bli koordinatfesta.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Lindås kommune, hjå Fylkesmannen i Hordaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3.Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som kan øydelegge eller redusere verneverdiane som er angitt i verneføremålet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne plantar, sopp og lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre eller annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig uroing. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje iverksettast tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av ureining, deponering av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.

- d) Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.
- e) Det er forbode å brenne bål i reservatet.

§ 4. Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Fjerning av framande treslag. Virket etter slik hogst kan fjernast og nyttast til ved.
- c) Kyndig skjøtsel av etablerte styvingstre. Avkappa virke kan fjernast og nyttast til ved.
- d) Avgrensa uttak av ved til eigen bruk, i samsvar med forvaltingsplan.
- e) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- f) Skadefelling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- g) Beiting med beitedyr som har tradisjon i området og som ikkje er til påviseleg skade for det biologiske mangfaldet.
- h) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- i) Drift, vedlikehald og naudsynt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg.
- j) Oppgradering/fornyng av eksisterande kraftleidningar for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje krev vesentlege fysiske endringar i høve til verneføremålet.

§ 5. Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje med varsemnd og omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel er forbode, medrekna start og landing med luftfarty.
- b) Bruk av sykkel og hest og kjerre samt riding er forbode.

§ 6. Generelle unntak frå ferdselsreglane

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for:

Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtels- eller forvaltingsoppgåver som er vedteke av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyrety som vert nytta skal vere skånsame mot markoverflata. Ein skal gje melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av slik køyring.
- b) Naudsynt motorferdsel i samband med akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Det skal i etterkant sendast melding til forvaltingsstyresmakta.
- c) Naudsynt uttransport av felt hjort eller anna storvilt med lett beltekøyrety som ikkje set varige spor i terrenget.

§ 7. Spesifiserte dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a) Avgrensa bruk av naturreservatet til aktivitetar nemnt i § 3 d).
- b) Oppgradering/fornyng av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4 j).
- c) Oppsetting av gjerde i forbindelse med beiting som omtalt i § 4 g).
- d) Naudsynt motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av energi- og kraftanlegg, jf. § 4 i), samt ved oppgradering/fornyng av kraftleidningar jf. § 4 j) og § 7 b).
- e) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- f) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- g) Naudsynt motorferdsel i samband med tiltak som omtalt i § 7 c) og § 7 e).

§ 8. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom tiltaket ikkje er i strid med vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleikssyn og omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldlova § 48.

§ 9. Skjøtsel

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldlova § 47.

§ 10. Forvaltningsplan

Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. Forvaltingsstyresmakt

Miljødirektoratet fastset kva instans som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Fylkesmannen i Hordaland

Besøksadresse:
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Postadresse:
Postboks 7310, 5020 Bergen

Telefon: 55 57 20 00

E-post:
fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Org.nr: 974760665

ISBN: 978-82-8060-100-1
ISSN: 0804-6387